

SKOLEEKSAMEN I

SOS1000 – Innføring i sosiologi

Måndag 5. desember 2016
6 timer

Det er ikkje tillate med nokre hjelpemiddel, anna enn ordbøker som er kontrollert av SV-infosenter, under eksamen.

Sensur for eksamen fell 4. januar kl. 14.00. Sensuren blir publisert i Studentweb om lag kl. 15.00 same dag.

Sensuren blir rekna som motteke av studentane når han blir publisert i Studentweb. Vi minner om at kandidatar som ønskjer grunngjeving må be om dette **seinast 1 veke etter sensur har falle**. Frist for å klage på karakteren er tre veker etter sensur har falle. Informasjon om rutinar for grunngjevingar og klagar ved ISS finn du på emnesida.

Oppgavesettet har av **2 sider** inkludert denne.

Kandidaten skal levere både originalen og kopien av svaret. Ein skal ikkje levere kladd.

NB! Skriv hardt nok til at kopien blir leseleg. Du kan ikkje bruke tusjpenn.

Hugs å notere deg kandidatnummeret ditt.

Du skal svare på både oppgave 1 og oppgave 2.

I oppgave 2 svarar du enten på oppgave 2 A, eller 2 B. Oppgave 1 tel 1/3 og oppgave 2 tel 2/3 av den endelege karakteren.

NB! Ein sensor skal lese kopien av svaret ditt også. Skriv slik at kopien blir leseleg.

Oppgave 1

Gjer *kort* greie for tre av dei fire følgjande temaa:

- 1) Dei ulike autoritetstypar (Weber)
- 2) Religiøs kompleksitet
- 3) Frontfagmodellen
- 4) Klassisk rasisme og nyrasisme

Oppgave 2

Svar på ei av følgjande langsvarsoppgåver:

ENTEN 2A:

Gjer greie for Gösta-Esping Andersens velferdsstatsregime. Drøft deretter kor godt det sosialdemokratiske regimet treff sentrale trekk ved den norske velferdsstaten.

ELLER 2 B:

Gjer greie for kva vi meiner med forbrukskultur/forbrukssamfunn. Drøft tilhøvet mellom forbruk og sosial ulikskap.

Lykke til!